

# Olav H. Hauge: Du vil berre vera



«Han er ei klippe», seier vi ofte om folk vi kan stole på. Eller «Ho er heil ved». Men vil vi egentleg vere hardt fjell eller solid trevirke? Eller lengtar vi etter noko anna? I diktet «Du vil berre vera» frå samlinga *Under bergfallet* (1951) skriv diktaren Olav H. Hauge:

## Du vil berre vera

Ikkje leitande rot  
i det harde grjot,  
ikkje tåg, ikkje tein,  
ikkje stomnen i storm,  
ikkje audmjuk grein,  
ikkje bast, ikkje bork  
i frost og snø –  
ikkje sevja som stig,  
ikkje kraft som kan grø,  
ikkje frukt, ikkje frø,  
ikkje bladet som byggjer  
i stilla sin dom, –  
du vil berre vera  
den brikjande blom.

## Ordforklaringer

grjot: stein

tåg og tein: greiner og kvistar av rota på eit tre

stomn: stamme

bast: fibrar frå treverk

bork: det ytste laget på eit tre (bokmål: bark)

grø: få til å gro

dom: gudshus, domkyrkje

brikjande: noko som lyser med sterke fargar. I overført tyding: vise seg fram, vise kor fin ein er

## Oppgåver til teksten

- 1: Prøv å lese diktet høgt. Det gjer ikkje noko om du ikkje kan uttale alle orda heilt rett. Kan du likevel seie noko om korleis diktet høyrer ut når vi les det?
- 2: Sjå på kvar enkelt verselinje. Kva vil «du» i diktet vere? Kva vil «du» slett ikkje vere?
- 3: Korleis tolkar du det at «du» ikkje vil vere for eksempel ei rot som veks i stein, eller ein stamme i stormen?
- 4: «Du» vil heller ikkje vere «bladet som byggjer / i stilla sin dom», står det i diktet. Kva er ein dom? Kva kan domen vere eit bilete på, om du ser for deg at bladet sit på eit tre?
- 5: Det «du» vil vere i diktet, er «ein brikjande blom». Kva kan det bety?
- 6: Vil *du* vere ein brikjande blom? Vil alle menneske det, trur du?